

**MUSEA I SOGN
OG FJORDANE**

**Årsmelding
2021**



Innhold

| | |
|--------------------------------------|----|
| DIREKTØREN HAR ORDET..... | 2 |
| 1. OM MUSEA I SOGN OG FJORDANE | 9 |
| 2. FAGLEG AKTIVITET..... | 13 |
| 3. BESØKSTAL | 25 |
| 4. LISTER..... | 31 |
| 6. ÅRSMELDING | 42 |
| 7. ÅRSREKNESKAP | 47 |
| 8. REVISJONSMELDING | 35 |



Direktøren har ordet

Året 2021 var det første med ny organisasjon. Det har medført at mange har følt seg mindre trygge på rolla si enn tidlegare. Kollegaer på same museum rapporterer til ulike leiarar. Eg vel å tru at vi ved inngangen til 2022 etter kvart venjer oss til ny organisasjonsform. Pandemien vart grundig skildra i årsmeldinga for 2020. Siste året har nok vore mildare mot oss, og vi vonar at vi no er ferdige med denne lange, pasifiserande tida.

I skrivande stund driv der blytunge, mørke skyer over Europa. Invasjonen i Ukraina minner oss på at det er viktigare enn nokon gong å formidle nær og fjern historie som gjer det enklare å forstå korleis vi kunne komme dit vi er, og kva vi kan gjere for å nærme oss ei framtid prega av fred. Det er på tide å drive gode museum att!

Tidlegare har det vore framført uro for at vi ikkje klarar å ta vare på oppdraget vårt på ein fagleg god nok måte. Den nye organiseringa er der for å hjelpe på dette, avdelingsstrukturen ser slik ut:

Avdeling for forskning og bevaring
Avdeling for kulturhistorie
Avdeling for kunst
Avdeling for økonomi, administrasjon og drift

Overordna

Skal den nye organiseringa fungere, må vi stadig øve oss på å flytte ressursar der dei trengst mest. Det er det som er skilnaden på å vere stor med store ressursar og å vere enkeltstående og utan denne evna. Vi har difor lagt inn i budsjettsøknaden for 2023 at dette blir kritisk for oss.

Besøkstala har vore svakt fallande heilt sidan 2017. I 2021 tok besøket seg opp att etter botnåret 2020. Vi vonar å skape relevante og gode opplegg som gjer at besøket veks og etter kvart passerer nivået vi hadde. Det er verd å merke seg at vi no er noko meir kresne på kven vi loggfører som besøkjande.

Samstundes med nyorganiseringa held arbeidet fram med å fusjonere eigarstiftingane for dei tidlegare musea og Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane (MiSF). Før årsskiftet 2021/2022 vart Stiftinga Kystmuseet slått i hop med MiSF. Der er ein prosess med Sunnfjord Sogelag og Sunnfjord kommune, som vi vonar endar opp i at også Sunnfjord Museum blir ein del av MiSF.

Økonomien i MiSF er framleis god, og gir oss nausynt handlefridom. Eg vel likevel å gjere merksam på at vi har hatt ein jamn vekst i lønnskostnadene, dette er både fordi vi rustar oss fagleg, og fordi vi har veksande pensjonsplikter.

I 2021 sette vi av ekstra ressursar på områda utstillingsproduksjon og bevaringsprosjekt. Vi klarte ikkje å gjennomføre på langt nær det vi hadde planlagt. Vi vel å sjå det slik at vi har fått gjort ein del førebuande aktivitet som følgje av omorganiseringa.

Vi har to store byggeprosjekt som utfordrar oss både organisatorisk og økonomisk: Både finansiering av fellesmagasinet og vernebygg for Holvikejekta er godt

nytt for oss. Samstundes har vi hatt ein unormal vekst i byggekostnadene som gjer at vi må revidere dei utarbeidde planane. I verste tilfelle kan dette medføre at vi må redusere kvalitet på byggsida for å komme i hamn med prosjektet, vel vitande om at vi tek på oss større driftskostnader i etterkant, både i form av reduserte miljøambisjonar og direkte utgifter.

Solid kunnskapsproduksjon

2021 var året då MiSF fekk godkjent prosjektet «Forskningsinfrastruktur for musea i Vestland». Dette handlar om å betre kapasiteten og kvaliteten i felles forskingsaktivitet. Å auke samla forskingskompetanse står sentralt. Vi har nettopp gjort oss ferdig med eit generasjonsskifte, som mellom anna har redusert forskingskompetansen mellombels. Å leie eit slikt prosjekt ville vere utenkjeleg i ukonsoliderte museum.

Relevant formidling

Å finne krysningspunktet mellom kva du vil formidle og det som blir opplevd som relevant for publikum er den store utfordringa. Dette gjeld alle musea, og i 2021 kan vi kanskje seie at vi lukkast særleg godt på kunstsida. Vi var godt hjelpte av ekstra midlar til innkjøp av kunst, men også med gode, tankevekkande utstillingar. Det sikre kortet for musea er det breie og godt utvikla samarbeidet vi har med opplæringssektoren inkludert barnehagane over heile fylket. Det er kanskje her samhandlinga mellom det enkelte museet og lokalsamfunnet er mest synleg. Vi er ikkje nøgde med kva vi har fått til på digital formidling, men dette vil betre seg med nye nettsider og tilhøyrande verktøy i 2022.

Heilskapeleg samlingsutvikling

Det vart tilført ekstra midlar for å tette noko av etter-slepet på bygningsvernet i 2021. Noko av det planlagde arbeidet har gått etter planen, men vi lukkast ikkje i å setje i gang dei prosjekta vi såg føre oss å gjennomføre med ekstra innsats. Den nye organisasjonen har ikkje sett seg enno, og vi må akseptere at dette tek noko tid. Lukkast vi, vil det å samle ressursar til viktige prosjekt for samlingsutvikling vere noko av dei lettplukka fruktene. I 2021 fekk vi ei heilskapleg oversikt over båtsamlinga, som er av dei største i landet. I skrivande stund vert dette arbeidet komplettert med ei oversikt for heile Vestland fylke.

Trygg ivaretaking

Magasinsituasjonen er i 2021 svært varierende, og har vore slik i fleire år. Fellesmagasinet skal løyse mykje av dette, og prosjektet vart lagt ut på anbod hausten 2021. Rekordstor auke i byggevareindeksen og generelt stor aktivitet i byggmarknaden, gjer at vi har eit stort gap mellom finansiering og prosjektkalkyle. Dette gjer det nødvendig å dele opp byggeprosjektet og søkje tilleggsfinansiering. Det vil vi ikkje rekke føre desember 2022, med ev løyving desember 2023. Ved inngangen til 2022 føreset vi byggestart i første halvår, der vi bygger dei mest kritiske funksjonane: Mottak, eit større og eit mindre magasin, og båtmagasinet.

Godt nytt for alle som har vore med ei stund, er at vi endeleg har fått finansiert Holvikejekta. Her er gjort ein god innsats av våre eigne, politiske medspelarar og ei rad entusiastar. Men også her vil vi få utfordringar med stor kostnadsvekst mellom tidspunktet då kalkylene vart utarbeidde til vi skal sluttformulere prosjektet.

Aktiv samhandling

Året 2021 har vore brukt til å få på plass arbeidsavtaler og jobbskildringar som stemmer med den nye organiseringa. Med nokre få unntak har alle no fått ei utfyllande, skriftleg stadfesting av kva som er arbeidssoppgåvene. Nokre få tilsette har større endringar i arbeidsinnhald. Desse vert forhandla særskilt. Det er lett å undervurdere både omfanget av arbeidet, og korleis dette rører ved den enkelte.

Den vakne lesaren har sett at eg i denne oppsummeringa har brukt overskriftene som regjeringa nyttar i sine føringar for å nå måla i museumspolitikken. Sjølv om eg personleg har vore med berre nokre månader, føler eg meg sikker på at Musea i Sogn og Fjordane er godt skikka til å følgje opp dei nasjonale ambisjonane.

Beste helsing

Administrerende direktør



Om Musea i Sogn og Fjordane

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane vart oppretta på bakgrunn av sentrale føringar og som følgje av den statlege museumsreforma (St.meld. nr. 22 (1999-2000)/Kjelder til kunnskap og oppleving).

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane vart stifta 14. januar 2009 med ein stiftingskapital på kr. 100.000, fordelt med kr. 50.000 på Sogn og Fjordane fylkeskommune og kr. 10.000 på kvar av dei andre stiftarane: DHS-Sogn Folkemuseum, Kystmuseet i Sogn og Fjordane, Nordfjord Folkemuseum, Sogn og Fjordane Kunstmuseum og Sunnfjord Museum.

I 2012 vedtok styret i Musea i Sogn og Fjordane å ta over drifta i Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter med verknad f.o.m. 2013.

Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum vart 14.07.17 overdratt Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane etter vedtak i Lotteri og Stiftingstilsynet med rekneskapsmessig verknad frå 01.01.2017. Sogn og Fjordane Kunstmuseum hadde ei stiftingskapital på 110.000 kroner. Som ei følgje av denne overdraginga auka stiftingskapitalen til 210.000 kroner.

Med verknad frå 01.09.2018 overførde Nordfjord Sogelag samlingar og eigedomar ved Nordfjord Folkemuseum til Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane.

Frå 01.01.2021 er Kystmuseet i Sogn og Fjordane (stiftinga) samanslått med Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane med sistnemnte museum som overtakande part. Eigedomsretten til samlingar og eigedomar ved Kystmuseet i Sogn og Fjordane og tilhøyrande satellittar, er overført Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane. Kystmuseet kom inn med ei grunnkapital på 4.246.483 kroner. Som ei følgje av denne overdraginga auka stiftingskapitalen til 4.456.483 kroner i Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane, som var status pr. 31.12.2021.

Stiftinga bestod av følgjande museum ved utgongen av 2021:

De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum
Sogn Fjordmuseum
Norsk Reiselivsmuseum
Sogn og Fjordane Kunstmuseum
Astruptunet
Eikaasgalleriet
Sogn Kunstsenter
Nordfjord Folkemuseum
Kystmuseet i Sogn og Fjordane
Vågsberget
Sunnfjord Museum
Norsk Kvernsteinsenter/Kvernsteinsparken

Rådet

Forutan stiftingsstyret skal det, i flg. stiftingsvedtektenne, vere eit råd for det konsoliderte museet. Rådet er sett saman av representantar frå eigarstyra, fylkeskommunen, vertskommunane, regionråda, Høgskulen på Vestlandet og BKSF (Biletkunstarane i Sogn og Fjordane). Rådet hadde eit digitalt møte i 2021.

Styret

Styret er samansatt av styreleiar, nestleiar og 5 styremedlemmar, totalt 7 personar. Vestland fylkeskommune vel styreleiar og eitt styremedlem med personlege vara. Rådet vel tre medlemmer med personlege vara. To medlemmer med personlege vara, vert valde av dei tilsette. Styret er det øvste organet i stiftinga. Styret har leia stiftinga si verksemd i samsvar med

vedtekter, lover, regelverk og avtaler elles. Styret har også sett til at verksemda i meldingsåret har vore drive i samsvar med hovudintensjonane i museumsreforma og dei retningslinjer som er gjevne i tilsegnsbrev fra offentlege styresmakter

Styremedlemmar 2021

| Styrollerolle | Namn | Valt av |
|---------------|--------------------------|-------------------------------------|
| Styreleiar | Ivar Kvalen | Vestland fylkeskommune |
| Varamedlem | Frode Bøthun | Vestland fylkeskommune |
| Nestleiar | Hanne Oftedal | Rådet for Musea i Sogn og Fjordane |
| Varamedlem | Anders Ryssdal | Rådet for Musea i Sogn og Fjordane |
| Styremedlem | Kristin Maurstad | Vestland fylkeskommune |
| Varamedlem | Hilde Kvamsås Aa | Vestland fylkeskommune |
| Styremedlem | Arild Bergstrøm | Rådet for Musea i Sogn og Fjordane |
| Varamedlem | Eli Grete Høyvik | Rådet for Musea i Sogn og Fjordane |
| Styremedlem | Gunhild Alis Berge Stang | Rådet for Musea i Sogn og Fjordane |
| Varamedlem | Hege Lothe | Rådet for Musea i Sogn og Fjordane |
| Styremedlem | Jan-Arve Lund | Tilsette i Musea i Sogn og Fjordane |
| Styremedlem | Hilde Katrine Wiik | Tilsette i Musea i Sogn og Fjordane |
| Varamedlem | Øyvind Skarstein | Tilsette i Musea i Sogn og Fjordane |


Leiargruppa

Leiargruppa er satt saman av 6 personar med desse rollene: administrerande direktør, 4 avdelingsdirektørar og ein personalsjef. Møtefrekvens 2-4 gonger i månaden.

Utvida leiargruppe

Utvida leiargruppe består av leiargruppa samt alle museumsleiarane, seksjonssjef drift, leiande handverkar (vakant), kommunikasjonsrådgjevar og markeds konsulent. Møtefrekvens 4 gonger i året (minimum).

Organisasjonskart



Fagleg aktivitet

Forvaltning av samlingane

Musea i Sogn og Fjordane vedtok i 2021 planverk for heilskapleg forvaltning av samlingane (Samlingsforvaltingsplan for Musea i Sogn og Fjordane 2021–2024). I planen er det definert mål og tiltak for Organisering og kompetanseutvikling, Dokumentasjon, Bevaring, Tilgjengeleggjering og Samlingsutvikling. Tilhøyrande samlingsforvaltingsplanen er det utarbeidd Handbok i samlingsforvaltning som byggjer på den internasjonale Spectrum-standarden. Med desse plandokumenta på plass har museet eit godt grunnlag for ei fagleg solid forvaltning av samlingane.

I avdeling for forskning og bevaring er det tilsett fire nye medarbeidarar i løpet av året som alle jobbar tett på samlingane, og eit felles grunnlag for forvaltingsoppgåvene gir ein tryggleik i arbeidet. Framleis er likevel oppbevaringstilhøva for deler av samlingane eit kritisk punkt. Framdrifta i arbeidet med det nye fellesmagasinet har møtt på utfordringar på kostnadssida, forsterka av høg aktivitet i byggebransjen. Museet samarbeider med entreprenør om å planlegge for eit prosjekt i to byggetrinn, og mye tid har gått med til dette arbeidet.

2021 bringa med seg gode nyhende for Holvikejekta, med sikra finansiering til verne- og formidlingsbygget frå kommune, fylke og stat. Den lokale støtta til prosjektet er verd å merke seg, og lovar godt for prosjektet og jektas vidare liv.

Museet har generelt ei forsiktig tilnærming når det gjeld tilvekst til samlingane, grunna både avgrensa magasinplass og fråvær av ei vedteken plan for samlingsutviklinga. Eit unntak gjeld kunstsamlinga, som grunna ekstraordinære tilskot frå Kulturdepartementet på totalt 5 millionar (2020-21) medførte innkjøp av 100 kunstverk av 57 kunstnarar. Denne gledelege utviklinga av kunstsamlinga har som ei naturleg følgje eit omfattande arbeid med å transportere, registrere og magasinere kunstverka.

Musea i Sogn og Fjordane er med i prosjektleiargruppa for fellesprosjektet Kartlegging av båtsamlinga ved musea i Vestland støtta av fylkeskommunen, og har ein tilsett i rolla som prosjektmedarbeidar. I 2021 har vi grunna i dette gått systematisk gjennom båtsamlingane ved museet, og har lagt eit godt grunnlag for eit lenge planlagt prioriteringsprosjekt.



2



Kulturlandskap


Musea i Sogn og Fjordane har omfattande areal definert som kulturlandskap og hageanlegg. Det er ressurskrevjande å forvalte desse på tilfredsstillande måte, og arbeidet har vore utført av tilsette i ulike stillingar. I samband med omorganiseringa har det vore eit ønskje å få eit tydeleg ansvarsavklaring når det gjeld forvaltning og drift av kulturlandskapa. Det blei difor sett ned ei arbeidsgruppe i 2021 for å sjå på konsekvensane av ulike måtar å organisere arbeidet på og konsekvensane av endra ressursituasjon. Rapport frå arbeidsgruppa vart handsama av styret i desember 2021, og tilrådde ei samlingsrevisjon der ein går inn for å redusere areal som vert definert som kulturlandskap. Dette inneber samstundes styrka utvikling av forvaltning, forskning og formidling av dei attståande areala. Samlingsrevisjonen vert gjennomført i 2022.

Bygningsantikvarisk

Prioriteringsprosjektet for bygningsssamlinga vart starta opp i 2021, men vil halde fram utover i 2022. Målsettinga med prosjektet er å få på plass ei tiltaksplan for bygningsvernarbeidet med prioritert liste. Dette vil danne eit viktig grunnlag for målsettinga om å samarbeide om dei større antikvariske forvaltingsprosjekta.

I løpet av året fekk vi gjennomført felles kurs i tørrmuring, i tilknytning til arbeidet med Kvammeloftet. Det er elles satsa på kompetanseutvikling gjennom vidareutdanning, og to tilsette starta opp på Fagskulen i Hordalands toårige utdanning i klassisk bygningshandverk og restaurering. Ytterleg to tilsette fullførte same utdanning våren 2021, og museet byggjer soleis naudsynt kompetanse for det omfattande bygningsvernarbeidet som står føre oss.

I tillegg til arbeidet med Kvammeloftet er det gjennomført omfattande restaurering av Nilsenslippen. Pandemien og arbeidet med å få ein ny organisasjonsstruktur på plass har elles gjort det krevjande å gjennomføre større planlagde restaureringsprosjekt, men det er jobba jamt med vedlikehaldsarbeidet gjennom året.



Forskning og kunnskapsdeling

Året har vore prega av fleire nyttilsettingar i tillegg til ein permisjon i dei vitskaplege stillingane. Det er soleis ikkje starta opp nye forskingsprosjekt i året, men handverksforskningsprosjektet i tilknytning til Kvammeloftet blei avrunda med eit sluttseminar. Ole Fredskild har publisert ein artikkel frå prosjektet i Årbok for Sogn, og i 2022 kjem det ei felles publikasjon med bidrag frå alle deltakarmusea. Det var også sluttseminar for prosjektet Uenighetsfelleskapet, som museet har vore deltakande i.

Nordfjord Folkemuseum markerte 100 år i 2020, og det er jobba med ei jubileumbok i anledinga. Boka, redigert av Anne Kristin Moe, blei publisert i 2021 og inneheld ei samling tidlegare trykte tekstar i ny drakt, samt nokre nyskrivne museumshistorisk kapittel av Anne Kristin Moe og Eva Marie Felde.

Musea i Sogn og Fjordane tok tidleg i 2021 initiativ til å utvikle eit prosjekt for etablering av ein felles infrastruktur for forskning for musea i Vestland fylke. Prosjektideen fekk tilslutning frå dei fleste musea i fylket, og søknad til etablering av eit treårig prosjekt blei sendt Kulturrådet sitt utviklingsprogram for forskning. Prosjektet er innvilga støtte på om lag 3 millionar frå Kulturrådet, i tillegg til at Vestland fylkeskommune har løyva midlar frå ordninga Museumsloft. Prosjektet starta opp i 2021, men vil ha hovudaktivitetar i 2022-2024.

Musea i Sogn og Fjordane har tilsette i redaksjonen for Norsk Museumstidsskrift og Heimen. Det er elles jobba med ny forskingsplan for museet gjennom året, som vart ferdig på starten av 2022.

Formidling

Generelt om formidling i året som har gått

Musea våre er arenaer for kunnskap og opplevingar, og har eit mangfaldig formidlingstilbod for ei rekkje ulike målgrupper. Med visjonen om å vere ein relevant og aktiv samfunnsaktør som overbyggnad, er det Formidlingsplan for Musea i Sogn og Fjordane 2021-2023 som set premissane for kva type tilbod vi skal ha, og for kven desse tilboda skal vere.

Utstillinga er ei tradisjonell formidlingsform i musea, der gjenstandar og verk frå samlingane blir løfta og sett inn i ein fagleg formidlingskontekst. Alle dei heilårsopne musea vår skal, i tillegg basisutstillingane, årleg produsere minimum ei ny utstilling. Lista over nye utstillingar opna i 2021 viser at vi har nådd dette målet med god margin. Samstundes påverkar dei ulike lokalitetane på musea våre både form og frekvens. Slik er spennet også stort i kva type utstillingar vi har produsert: frå utandørs formidlingsløyper og interiør i antikvariske bygg, til verk og gjenstandar i følgje med tekst på vegg i dedikerte utstillingsrom.



Omvisingar og pedagogiske opplegg er formidlingsformer der vi saman med publikum er del av eit felles erfaringsrom som også opnar for dialog og medverknad. Museumsbesøket, der våre tilsette formidlar kunnskap og kontekst utover utstillinga, er verdfulle opplevingar som gjev ein ekstra læringsdimensjon.

Også museumsåret 2021 har vore prega av den verdsomfattande korona-pandemien. Planlagde tiltak og aktivitetar har fleire gongar måtte vike for eller bli tilpassa viruset sine uføreseielege herjingar, trass at både tilsette og besøkande har vore fleksible og gjort seg nytte av det handlingsrommet som har vore.

I formidlingsplanen vår blir digital formidling løfta som ei satsing som skal utfylle det fysiske museumsbesøket. Ved utgangen av planperioden skal dei digitale formidlingsflatene ikkje vere avgrensa til å vere tiltak, men vere ein likestilt formidlingsarena med det fysiske museet – og som gir tilgang til musea sin kunnskap uavhengig av tid og stad. Ei slik satsing er også i samsvar med dei generelle trendane i eit stadig meir digitalt samfunn, og ikkje minst med signal og forventingar tydeleg kommunisert seinast i stortingsmeldinga Musea i Samfunndet – Tillit, ting og tid (2021).

Medan fleire norske museum i rekordfart etablerte digitale formidlingstilbod i kjølvatnet av pandemien sitt inntog, var ressursane og kapasiteten vår i 2021 konsentrert kring omstillingsarbeid og fleire større prosjekt. Vi var såleis ikkje rusta til å etablere den nødvendige infrastrukturen som måtte ligge i botn før produksjon og publisering av digitalt innhald kunne starte. Vi gjennomførte likevel forprosjektet Felles løysing/plattform for digital formidling, der vi såg på moglege løysingar med grunnlag i dei behova og ønskja vi har i MiSF. Ei vidare satsing vart sett på vent, då det var ukjent kva funksjonalitet ei ny nettstadløysing for MiSF ville gje. Vidare arbeid med satsinga står på agendaen i 2022.

Formidling til born og unge

Born og unge er ei svært viktig målgruppe for musea si kunnskapsformidling, og vi har ei rekkje tilbod til både barnehagar og skular. Museumsbesøket har ein eigenverdi som oppleving, samstundes som vi gjennom å utforme eigne opplegg for ulike aldersgrupper legg til rette for læring og målretta kunnskapsformidling. Dei pedagogiske formidlingsopplegga våre er heilt eller delvis knytt opp til kompetansemåla i skulane sine læreplanar. Alle born og unge har i regi av barnehagen eller skulen eit gratis tilbod i musea våre, og kan avtale besøk direkte med det enkelte museum.



Den kulturelle skulesekken (DKS)

DKS er ei nasjonal kulturpolitisk satsing som skal sikre at alle elevar i grunnskulen og i den vidaregåande skulen får eit likeverdig kunst- og kulturtilbod av høg kvalitet, uavhengig av kvar dei bur. DKS-tilbodet skal bidra til danning og utdanning, og skal representere eit mangfald av kulturuttrykk. Dei kulturhistoriske musea i MiSF er alle tilbydarar av produksjonar i DKS, og utvikla for nokre år tilbake formidlingskonseptet «Tidskapselen» i samarbeid med DKS Sogn og Fjordane og Seanse – senter for kunstproduksjon. Denne produksjonen, der eit felles tema er tilpassa det enkelte museum, er blant kulturarvproduksjonane tilbydd av DKS Vestland for 2020/2021 og 2021/2022. I tillegg har fleire av musea våre tilbod gjennom dei kommunale DKS-ordningane.

Kunstutstillingar og utlån

På grunn av delvis stengt museum i 2020, laut utstillingsprogrammet rokerast og det gjorde 2021 til eit år med tettare program enn normalt. 6 utstillingar vart gjennomført som del av kunstsenterfunksjonen til Musea, medan 3 utstillingar blei opna med samlingane som utgangspunkt.

Med tekstilkunst som eit tematisk bakteppe for året 2021, fekk ein både i Høgsalen på SFKM, og i kunsthallen i Lærdal, vist fram utstillingar der arealet blei brukt til det fulle. Frå samlingane blei det gjort plass til karikaturar, gjennom ei vandreutstilling som byrja på SFKM i mai, og som går vidare til fleire visningsstadar i regionen gjennom våren 2022. På Sogn Kunstsenter blei nyoppspente måleri etter Hans Gjesme presentert med rammer for første gong, i ei utstilling som løfta aktsjangeren i den lokale kunsthistoria, gjennom «Kroppsfokus – Hans Gjesme med gjester». I desember blei tekstilkunst frå samlingane løfta gjennom utstillinga «HEKT» som opna i 3. etasje på SFKM. Utstillinga er utvikla spesielt med tanke på formidling til barn og unge, og vil vere open fram til jula 2023.

Utlån

Avdeling kunst har gjennom året lånt ut verk til fleire utstillingar, både nasjonalt og internasjonalt. Festspillutstillinga på Bergen Kunsthall synte i 2021 verk frå Elisabeth Haarr sitt kunstnerskap, og SFKM lånte ut eitt verk til den kritikarrote utstillinga.

Avdelinga har også lånt ut fleire verk og gjenstandar etter Nikolai Astrup, mellom anna fargetresnittet



'Revebjeller' og trykkeplater, målarpalett og penslar. Alle desse verka har vore ein del av den store utanlandsturneen som byrja på The Clark Institute of Art i juni. Avdelingsdirektør for kunst, Tor Martin Leknes, deltok på den digitale lanseringa av utstillinga, der amerikansk presse blei introdusert for kunstnaren, Astruptunet og Jølster. Turneen gjekk vidare til KODE i Bergen i oktober, før den blir vist i Stockholm våren 2022 på Prins Eugens Waldemarsudde. Utstillinga viste fleire nyoppdaga verk av kunstnaren, og fekk strålende mottaking blant både publikum og presse i USA. Utstillingsturneen har blitt til etter initiativ frå Sparebankstiftelsen DNB og KODE Kunstmuseer og komponisthjem.

De Heibergske Samlinger **– Sogn Folkemuseum**

For skuleelevar

«Folketru og folkemedisin» (7.-10. trinn + vgs)
«Vatn – den sterkaste drykken» (1.-10. trinn) (avlyst)
«Eventyr, leik og dyr» (1.-6. trinn)
«Jul, tru og tradisjon» (1.-10. trinn)
Haustarbeid på garden (1- 7. trinn)
Våronn (1. og 6. trinn)
DKS Vestland: «Tidskapselen: Ungdom og identitet» (9. trinn)

For barnehageborn

Barnehagedagar (avlyst)

Anna:

Slakting av gris (for vgs-elevar på Sogn Jord- og Hagebruksskule)

Sunnfjord Museum

For skuleelevar

«Stølsdrift» (5.-7. trinn)
«Jul i gamle dagar» (1.-10. trinn)
«Sjukdom før koronaviruset» (8.-10. trinn, vgs)
«Ein skuledag i gamledagar» (1.-10. trinn)
«Barndom på 1800-talet» (1.-7. trinn)
««En stilling som fotograf». Samlinga etter sunnfjordfotografen Olai Fauske» Omvising og verkstader:
Kamerajakt (1.-7. trinn)
Solbilete (1.-10. trinn, vgs)



Bilderebus (1.-10. trinn, vgs)
Lag din eigen thaumatrop (1.-10. trinn, vgs)
Idékatalog: Registrering og utstillingsarbeid (7.-10. trinn) | digital
Idékatalog: Leik med mønster (1.-4. trinn) | digital

For barnehageborn

«Barndom på 1800-talet»
««En stilling som fotograf». Samlinga etter sunnfjordfotografen Olai Fauske» Omvising og verkstader:
Solbilete
Bilderebus
Lag din eigen thaumatrop

Anna

«Barsok. Folkemusikk, mattradisjonar og kulturarv» i samarbeid med Sunnfjord kulturskule (for born 6-9 år m/ familie)
Kulturarv og museum (for menneske med demens)
Kulturhistorie, kulturarv og museum (for elevar på Sunnfjord Folkehøgskule)
Tema berekraft (for UWC-elevar)
Stølsdrift og å spikke trenaglar (for deltakarar på ungdomscamp/landbruksleir på Mo, 9.-10. trinn)
Slakting av geit (for vgs-elevar på jordbruksskulen på Mo)
«Jul i gamle dagar» (for deltakarar i Vaksenopplæring og integrering i Sunnfjord kommune)

Nordfjord Folkemuseum

For skuleelevar

«Frå fri tid til fritid» (1.-10 trinn)
«Den gamle garden» (1.-4 trinn)
«Holvikejekta» (1.-10 trinn + vgs)
«Frå handemakt til elektrisitet» (5.-7. trinn)
«Byggeskikk» (5.-7. trinn)
«Nordfjordbåt» (6. trinn)
«Matstell i gamle dagar» (1.-4. trinn)
«Kjeldegransking» (vgs)
«Frå fiber til tøy: Ull og kledeproduksjon» (1.-4. trinn)
«Folkeeventyr» (1.-4 trinn)
«Jul» (1.-10 trinn)
DKS Vestland: «Tidskapselen» (9. trinn)

For barnehageborn

«Den gamle garden»
«Ull og klede»

«Folkeeventyr»

Andre

«Bu- og byggeskikk» (omvising i friluftsmuseet)
«Frå fri tid til fritid» (omvising i utstillinga Fritid)

Kystmuseet i Sogn og Fjordane



For skuleelevar

«Sildeflekking» (6. trinn)
«Ta ei potet» (1. trinn)
«Båtar og leik» (3. trinn, vgs).
«Kystlandskap med Bjørn Hegranes» (8. trinn / 10. trinn)
«Jul i gamledagar» (4. trinn) .
«Ungdom og FNs berekraftmål» (6. trinn)
«Kystkultur og livet på Brendøya» (1.-10. trinn)
Båt og olje – dialog i utstillingane (vgs minoritetsspråkleg)
DKS Bremanger: «Haugefisk» (9. trinn)
DKS Vestland: «Tidskapselen» (8.-9. trinn) (avlyst)

For barnehageborn


«Ta ei potet»

Anna

Båt og olje – dialog i utstillingane (for andrespråklege i norskopplæring)
«Kystlandskap med Bjørn Hegranes» (for menneske med demens)
«Poteta si historie» (for menneske med demens)
«Advent på museet» (for menneske med demens)

Norsk Reiselivsmuseum

For skuleelevar



«Norsk postkorthistorie - kortet som biletleg ytring» (5.-10. trinn, vgs)
 «Då Noreg vart eit turistland» (1.-10. trinn, vgs)
 «Sex-turisme og menneskerett» (7.-10. trinn + vgs)
 DKS Vestland: «Tidskapselen: Turismens «nullår» - pest på boks» (7.-10. trinn, vgs)

For barnehageborn

«Norsk reiselivshistorie» Omvising med verkstader: Frå treskei og trebolle til McDonalds
 Lerrettssekk, hampetau og gamle klatrestøvlar – slik kom dei seg rundt i landet
 Min feriedraum

Anna

«Norsk reiselivshistorie» (for studentar ved Høgskulen på Vestlandet)
 «Norsk fjellklatrarhistorie» (5. trinn – vaksne)
 «Kunstnarkolonien og nasjonalromantikken» (5. trinn – vaksne)
 «Faste rutetider - turisme som katalysator for modernismen» (7. trinn – vaksne)

Norsk Kvernsteinsenter/Kvernsteinsparken

For skuleelevar

Skuleprosjektet i Hyllestad (7. trinn)
 «Friluftsliv i jernalderen» (8.-10. trinn)
 «Steindagen» (1.-4. trinn)
 DKS Vestland: «Tidskapselen» (9. trinn)

For barnehageborn
 «Trollskulen»
 «Forhistoriske eventyr»

Anna

Verkstad i Kvernsteinsparken (for UWC-elevar)

Sogn og Fjordane Kunstmuseum

(Frå mars 21)

For skuleelevar

Redaktørmøte i Karikatur og kommentar (7. trinn til VG3)
 Omvising i Karikatur og kommentar (8. trinn til VG2)
 Kor abstrakt kan det bli? (10. trinn)
 Tinga vi treng (7. trinn)
 Visible mending – Eline Medbøe (VG2)
 Heilag geometri – Ingunn Bakke (VG2)

Heilag destruksjon – Birgit Eide (VG1-3)

For barnehageborn

Sans samtidskunsten (4-5 år)

Anna

Kveld på museet (kulturskuleelevar og -lærarar)
 Verkstad på Kulturnatt 21 (delar av tilbod for 7-18 år)
 Barneomvising HEKT (7-15 år)

Eikaasgalleriet

For skuleelevar

Jølsters Eventyrlege Gigant- Ludvig Eikaas- Omvising (1.-10 trinn, vgs)

For barnehageborn

Seljekallen-former (verkstad)

Anna

Førjulsverkstad

Astruptunet

For skuleelevar

Heimen, hagen og kunsten (1.-10 trinn, vgs)

For barnehageborn

Heimen, hagen og kunsten

Anna

Plognatten- omvising i heimen, hage og utstilling (alle)

Sogn Kunstsenter

For skuleelevar

Kroppsfokus (4.-10. Trinn)



Besøkstal

Vi hadde vi ein auke i besøkstala frå 2020-2021 på om lag 28%, som gjev eit samla besøkstal på 34.078. Men tala er framleis sterkt prega av pandemien, og derav mindre turistar i området. Covid-19 har og medført at det har vore færre aktivitetar og arrangement på musea. Vi har pålag 30.000 færre besøkande enn vi hadde i 2018.

Som så mange andre museum i landet hadde covid-19 situasjonen framleis store konsekvensar for besøkstala i 2021. Men dei fleste av musea våre har likevel ein vekst samanlikna med 2020. Det har vore lite utlendingar på besøk, og gruppemarknaden har nesten vore fråverande.

Kvernsteinsparken er attende med besøkstal som nærmar seg nivået før covid og har dermed pålag dobla besøkstala frå 2020. Museet har mykje skulebesøk og elles mest besøkande frå regionen, og er derav ikkje lite utsett for svingingar i den internasjonale marknaden.

Sunnfjord Museum hadde ein auke på om lag 50%. Dei hadde fleire større arrangement, og familiedagane i sommarsesongen var godt besøkt. Museet var elles stengt for enkeltbesøkande fram til juni grunna ombygging.

Kystmuseet hadde ein vekst på nesten 40%. Dei har hatt mange skuleopplegg, og lokalmarknaden og dei norske turistane har nytta museet som før koronaen. Dei utanlandske turistane har vore fråverande ved museet.

Sogn og Fjordane Kunstmuseum og Norsk Reiselivsmuseum hadde begge ein vekst på 30% samanlikna med 2020. Men aktiviteten på musea har vore mykje prega av korona og avstandsreglar. Reiselivsmuseet hadde få utanlandske gjester (5-10%), men fekk opne ein månad før enn i 2020, som påverka besøkstala positivt. Kunstmuseet har gjennomført ein del digitale arrangement grunna covid. Elles gledeleg at dei har ein fin vekst i tal besøkande born ved museet.

De Heibergske Samlingar – Sogn Folkemuseum hadde ein auke på 25%, som kjem av ein relativt bra sommarsesong, elles er besøkstala prege av unntakstilstanden vi har hatt dei siste 2 åra.

Sogn Kunstsenter var steng i 2020, og det var gledeleg med over 500 besøkande totalt. Vi ser positivt på sesongen 2022.

Astruptunet som hadde ein veldig god sesong i 2020, hadde i 2021 ein liten nedgang. Dette kjem truleg av vegstengingar og stengt kafé grunna oppgradering av tunet.

Dei andre musea har mindre endringar i besøkstala. Sjølv om det var mange nordmenn på ferie på Vestlandet, opplever vi sterk konkurranse frå andre reiselivsaktørar i området. Dei nyttar større ressursar på marknadsføring og produktutvikling, og blir difor utfordrande å konkurrere mot.

I 2021 hadde vi 5.601 elevar innom musea på ulike skuleopplegg. Dette er ein auke på om lag 2.900 elevar samanlikna med 2020.

Med krig i Ukraina og etterdønningar av koronaen trur vi framleis det tek tid før vi er attende til ein normal sesong. Det vil ta tid før flyruter og turiststraumane er som før pandemien og krigen i Europa. Likevel vil borfall av smittevernstiltak føre til ein auke frå dei sær s låge besøkstala i 2021. Bestillingane har begynt å kome frå både cruise og grupper, sjølv om det framleis er usikkert kor mange som faktisk kjem er det ei positiv utvikling.

Før pandemien gav store bussgrupper god utteljing i besøkstala – desse vil truleg framleis utebli. Trenden er at turistane reiser i mindre grupper/familiar. Det positive er at dei gjerne oppheld seg ein del lengre i eit område, noko som og kan kome musea til gode. Auka fokus på lokalmarknad og norske turistar, må kompensere for at den internasjonale turismen vil vere moderat også den komande sesongen. Målsetnaden om 5% årleg vekst i gjeldande strategiplan, vil vi klare for 2022. Men ikkje om vi skulle lagt



3


normale besøkstal til grunn.

Vi nyttar felles rapporteringsskjema for besøkande med utgangspunkt i føringane om publikumsregistrering frå museumsseksjonen i Norsk Kulturråd. Besøkande som berre nyttar musea sine kafétilbod og friluftsområde til rekreasjon, er ikkje registrert i besøksstatistikken


Presse/media

I strategiplanen for 2018-2021 har vi sett mål om 100 nyhendeoppslag i året. For 2020 har vi totalt 173 presseoppslag. Medieomtala er ganske jamn gjennom året, med unntak av to topper i juni og september. Musea våre er flinke til å nytte lokale aviser og etermedia i samband med arrangement, utstillingar og andre ting som skjer på musea.

Under er ei oversikt over mediadekning. Heile 76% av mediedekninga er lokal (2020: 82%). Andel riksdækning har auka frå 5% til 13% frå 2020-21, som vi ser på som positivt.



Elles ser vi at omtale i riksaviser er på 22 oppslag, og det har vore skrive 9 oppslag i ulike nisjemedier. Under er ein oversikt over kven av avisene som skriv mest om oss i papirutgåvene:



Marknadsføring

Felles marknadsføring av Musea i Sogn og Fjordane er framleis i startfasen, men vi har no hatt felles brosjyre for sesongen i seks år. I 2021 vart det ikkje laga ny versjon.

I 2021 hadde vi 89.362 økter samla ved alle nettstaden til Stiftinga som er ein auke på over 30%. Dette er sjølvsagt gledeleg. Vi reknar med koronasituasjonen har påverka tal økter på nettsidene positivt. I SoMe har vi og om lag 15.611 følgjarar på alle Facebook sidene, som er ein auke på ca. 1.500 følgjarar frå 2020.

Vi forventar å auke tal besøkande på nettsidene og følgjarar på Facebook no når vi endeleg har fått lansert ny visuelle profil. Endeleg har vi ein felles profil, som syner at vi er frå same museum. Den nye nettsida vert lansert i løpet av våren 2022, med ei felles landingside for alle våre museumsopplevingar. MiSF si nettside og felles Facebookside er administrert av marknads konsulent og avtalane med destinasjonsselskapa er koordinert for å få stordrifts-

fordelar. Vi har godt samarbeid med destinasjonsselskapa i regionen, og vi har starta arbeidet med å utvikle nye produkt for turistane. I 2018 lanserte vi eit felles museumspass for å spreie og auke tal besøkande til våre museum, dette held vi fram med i 2022 men med nytt konsept.

Marknadsføring i samband med arrangement og utstillingsopningar i MiSF er kvar enkelt avdeling sitt ansvar. Det skjer gjennom bruk av sosiale medium, regional og lokal presse, nettstader og ulike samarbeidspartar.


I 2021 deltok Norsk Reiselivsmuseum på den digitale Norwegian Travel Workshop, og hadde møter med ulike turoperatørar.

Alt av arrangement, utstillingar og aktivitet er styrt av musea våre. På den nye nettsida vil tilboda til musea våre bli presentert på ein langt betre måte, og med høve for kjøpe digital billett.

| BESØKSSTAD | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|-------------------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|--------------|
| Anders Svor Museum | 758 | 491 | 774 | 688 | 863 | 0 | 0 |
| Astruptunet | 3 001 | 4 505 | 4 793 | 4 311 | 3 429 | 5 548 | 4755 |
| Eikaasgalleriet | 1 113 | 1 744 | 1 866 | 1 161 | 1 078 | 790 | 804 |
| Sogn Kunstsenter | 5 779 | 533 | 511 | 522 | 610 | 0 | 505 |
| Sogn Og Fjordane Kunstmuseum | 8 061 | 7 081 | 6 926 | 6 171 | 6 845 | 3 741 | 4969 |
| Kystmuseet I Sogn Og Fjordane | 8 231 | 6 265 | 7 949 | 10 781 | 8 803 | 2 824 | 3936 |
| Nordfjord Folkemuseum | 9 352 | 9 611 | 8 817 | 6 335 | 7 537 | 3 009 | 2499 |
| Norsk Kvernsteinsenter | 2 403 | 2 332 | 3 243 | 3 141 | 3 072 | 1 275 | 2787 |
| Norsk Reiselivsmuseum | 0 | 5 509 | 5 881 | 7 318 | 4 948 | 2 549 | 3545 |
| Dhs-Sogn Folkemuseum | 13 810 | 17 777 | 18 036 | 17 365 | 15 511 | 4 800 | 6034 |
| Sogn Fjordmuseum | | | | | | * | 794 |
| Sunnfjord Museum | 8 576 | 7 966 | 8 034 | 6 501 | 4 844 | 2 054 | 3031 |
| Vågsberget | | | | | | * | 419 |
| SUM PR. ÅR | 61 084 | 63 814 | 66 830 | 64 294 | 57 540 | 26 590 | 34078 |

*ikkje egne tal for Vågsberget og Sogn Fjordmuseum før 2021 (ligg under tal for Kystmuseet og DHS-Sogn Folkemuseum)

BESØKSSTALSUTVIKLING I MUSEA 2015-2021



Lister

Opne publikumsarrangement

De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum

| | |
|----------|--|
| 21.02.21 | Museumssøndag: Vinterferie |
| 22.02.21 | Vinterferieaktivitetar (avlyst) |
| 23.02.21 | Vinterferieaktivitetar (avlyst) |
| 21.03.21 | Museumssøndag: Påske |
| 18.04.21 | Museumssøndag |
| 02.05.21 | Sesongopning og utstillingsopning: Sogndal folkehøgskule gjennom 150 år |
| 05.06.21 | Hagedag |
| 16.06.21 | Museumsonsdag |
| 23.06.21 | Museumsonsdag: Jonsok. Vandring, aktivitetar, forteljarstund og konsert. |
| 30.06.21 | Museumsonsdag. Eventyrstund og aktivitetar. |
| 07.07.21 | Museumsonsdag |
| 14.07.21 | Museumsonsdag: Slåttedag |
| 28.07.21 | Museumsonsdag: Olsok. Vandring, aktivitetar og forteljarstund. |
| 04.08.21 | Museumsonsdag: Aktivitetar og forteljarstund. |
| 13.09.21 | Foredrag: Eit vanskeleg dilemma: Skal vi redde klimaet eller naturen? v/ Jon Naustdalslid (samarbeid Senioruniversitetet i Sogn) |
| 13.10.21 | Foredrag: Forbrytelse og straff i historisk perspektiv v/ Eli Merete (samarbeid Senioruniversitetet i Sogn) |
| 14.10.21 | Haustferieaktivitetar |
| 15.10.21 | Haustferieaktivitetar |
| 31.10.21 | Museumssøndag: Allhelgensaften. Vandring og aktivitetar. |
| 17.11.21 | Foredrag: Milorg og Gestapo i krigsdrama i Sogn v/ Rune Timberlid (samarbeid Senioruniversitetet i Sogn) |
| 22.11.21 | Bind deg ein blomkrans. Folkeviser og songar frå skulesongboka (samarbeid Sogndal trekkspelklubb) |
| 28.11.21 | Museumssøndag: Advent (avlyst) |
| 01.12.21 | Førjulskveld-(avlyst) |
| 06.12.21 | Førjulskveld-(avlyst) |

Sunnfjord Museum

| | |
|----------------|--|
| 23.06.21 | Jonsokfeiring (samarbeid Sunde krins grendalag) |
| 26.06.21 | Sesongopning m/ konsert med Strengelukk og andre familieaktivitetar |
| 01.07.21 | Utstillingsopning: "En stilling som fotograf" Samlinga etter sunnfjordfotografen Olai Fauske |
| 08.07.21 | Familiedag og slåttedag. Omvisingar og aktivitetar. |
| 22.07.21 | Familiedag: tema fotografi. Omvisingar og aktivitetar. |
| 05.08.21 | Familiedag: "Ull er gull". Omvisingar og aktivitetar. |
| 12.08.21 | Sesongavslutning. Omvisingar og aktivitetar. |
| 11.09-12.09.21 | Handverks- og husflidsmesse (samarbeid Midtre Sunnfjord Husflidslag) |



4

- 02.10.21 Kurs: Ølbrygging v/ Øystein Menes
- 03.10.21 Museumssøndag: Foredrag Øltradisjonar og fruktvin v/ Sissel Brundstad og Camilla Aasen
- 11.-12.10.21 Haustferiedagar
- 21.-24.10.21 Kurs: Korgfletting v/ Hege Wiken og Samson Øvstebø
- 31.10.21 Museumssøndag: Folketru, tussar og troll. Omvisingar og aktivitetar.
- 27.11.21 Opning av Pepperkakebygda 21
- 28.11.21 Søndagsopa pepperkakebygd m/ aktivitetar og julepynta plasstove
- 05.12.21 Søndagsopa pepperkakebygd m/ aktivitetar og julepynta plasstove
- 12.12.21 Søndagsopa pepperkakebygd m/ aktivitetar og julepynta plasstove
- 19.12.21 Søndagsopa pepperkakebygd m/ aktivitetar og julepynta plasstove

Nordfjord Folkemuseum

- 04.03.21 Utstillingsopning: Fritid
- 02.06.21 Dugnad ved jekta (samarbeid Gloppen Sogelag)
- 21.06.21 Filmpremiere: Båtbyggerne.
- 05.09.21 Bursdagsfest: Holvikejekta 140 år
- 03.10.21 Museumssøndag: Foredrag Bryggetradisjonar v/ Lars Marius Garshol
- 12.10.21 Haustferieaktivitetar
- 13.10.21 Haustferieaktivitetar
- 14.10.21 Haustferieaktivitetar
- 15.10.21 Haustferieaktivitetar
- 25.11.21 Lansering av heftet Jul i Nordfjord og utstillingsopning: Frå liten og grå til stor og raud. Nissen i norsk tradisjon
- 02.12.21 Lansering av jubileumsboka Nordfjord Folkemuseum i Hundre år
- 05.12.21 Førjulsmoro med aktivitetar og omvising
- 12.12.21 Førjulsmoro med aktivitetar og omvising

Kystmuseet i Sogn og Fjordane

- 04.02.21 OPE HUS: Omvising i båtutstillinga (avlyst)
- 23.02.21 Vinterferieaktivitetar
- 25.02.21 Vinterferieaktivitetar
- 28.02.21 Vinterferieaktivitetar
- 18.03.21 OPE HUS: Foredrag Kystmuseet 40 år v/Bjørn Fjellheim.
- 20.04.21 Kurs: Flatbrød og fiskebrød v/ Kari Støfringsdal (avlyst)
- 27.05.21 OPE HUS: Sild og potet, musikkinnslag
- 29.05.21 Utstillingsopning: Kystlandskap med Bjørn Hegranses
- 22.06.21 Bornas kystmuseum. Verkstader og aktivitetar.
- 23.06.21 Kunstnarheimen Jotun. Omvising.
- 24.06.21 Kunstnarheimen Jotun. Omvising.
- 26.06.21 Kunstnarheimen Jotun. Omvising.
- 29.06.21 Bornas kystmuseum. Verkstader og aktivitetar.
- 30.06.21 Kunstnarheimen Jotun. Omvising.
- 01.07.21 Kunstnarheimen Jotun. Omvising.
- 03.07.21 Kunstnarheimen Jotun. Omvising.
- 06.07.21 Bornas kystmuseum. Verkstader og aktivitetar.
- 07.07.21 Kunstnarheimen Jotun. Omvising.
- 08.07.21 Kunstnarheimen Jotun. Omvising.





- 10.07.21 Kunstnarheimen Jotun. Omvising.
- 13.07.21 Bornas kystmuseum. Verkstader og aktivitetar.
- 14.07.21 Kunstnarheimen Jotun. Omvising.
- 15.07.21 Kunstnarheimen Jotun. Omvising.
- 17.07.21 Kunstnarheimen Jotun. Omvising.
- 20.07.21 Bornas kystmuseum. Verkstader og aktivitetar.
- 21.07.21 Kunstnarheimen Jotun. Omvising.
- 22.07.21 Kunstnarheimen Jotun. Omvising.
- 24.07.21 Kunstnarheimen Jotun. Omvising.
- 27.07.21 Bornas kystmuseum. Verkstader og aktivitetar.
- 28.07.21 Kunstnarheimen Jotun. Omvising.
- 29.07.21 Kunstnarheimen Jotun. Omvising.
- 31.07.21 Kunstnarheimen Jotun. Omvising.
- 03.08.21 Bornas kystmuseum. Verkstader og aktivitetar.
- 04.08.21 Kunstnarheimen Jotun. Omvising.
- 05.08.21 Kunstnarheimen Jotun. Omvising.
- 07.08.21 Kunstnarheimen Jotun. Omvising.
- 10.08.21 Bornas kystmuseum. Verkstader og aktivitetar.
- 11.08.21 Kunstnarheimen Jotun. Omvising.
- 12.08.21 Kunstnarheimen Jotun. Omvising.
- 14.08.21 Kunstnarheimen Jotun. Omvising.
- 12.09.21 Kystdagen
- 23.09.21 OPE HUS: Foredrag Frå barkebrød til sild og potet v/ Annette Langedal Holme
- 04.10.21 Kurs: Frivillig i helse og velferd (samarbeid LEV VEL og Florø frivilligsentral)
- 07.10.21 OPE HUS: Omvising i utstillinga Kystlandskap med Bjørn Hegranes
- 31.10.21 Dinosaurusøndag
- 04.11.21 OPE HUS: Foredrag Sjukdom før korona v/ Marie Nicolaisen
- 09.11.21 Kurs: Flatbrød og fiskebrød v/ Kari Støfringsdal.
- 10.11.21 Kurs: Flatbrød og fiskebrød v/ Kari Støfringsdal.
- 12.10.21 Familiedag med aktivitetar
- 14.10.21 Familiedag med aktivitetar
- 02.12.21 OPE HUS: Advent på museet

Norsk Reiselivsmuseum

- 04.05.21 Sesongopning
- 03.06.21 Forfattarmøte: Bortom allfarveg v/ Gunnar Garfors (samarbeid Sogndal bibliotek, Folkeakademiet, Balestrand pensjonistlag)
- 11.9.21 Lanseringskonsert: Slåttar etter Sjur Berge v/ Vidar Underseth
- 16.9.21 Forfattarmøte: Sanninga bak fiksjonen v/ Trude Teige (samarbeid Sogndal bibliotek, Folkeakademiet, Balestrand pensjonistlag)
- 01.10.21 Open dag
- 07.10.21 Museumstorsdag
- 09.10.21 Seminar: Sveitserstil i fare? (samarbeid Fortidsminneforeningen)
- 14.10.21 Museumstorsdag
- 21.10.21 Museumstorsdag
- 09.11.21 Forfattarmøte: Med berre nevane – eit forsvar for praktisk arbeid v/ Siri Helle (samarbeid Folkeakademiet og Sogndal bibliotek)
- 11.11.21 Museumstorsdag
- 18.11.21 Museumstorsdag

| | |
|----------|---------------------------|
| 25.11.21 | Museumstorsdag |
| 27.11.21 | Advent på museet |
| 02.12.21 | Museumstorsdag (avlyst) |
| 04.12.21 | Advent på museet (avlyst) |
| 09.12.21 | Museumstorsdag (avlyst) |
| 11.12.21 | Advent på museet (avlyst) |
| 16.12.21 | Museumstorsdag (avlyst) |
| 18.12.21 | Advent på museet (avlyst) |

Norsk Kvernsteinsenter/Kvernsteinsparken

| | |
|-----------|--|
| 16.06.21. | Kongeparet besøkte Kvernsteinsparken (for inviterte) |
| 19.06.21 | Sesongopning |
| 26.06.21 | Utstillingsopning: Steinhoggarløypa |

Sogn og Fjordane Kunstmuseum

| | |
|----------|---|
| 13.03.21 | Opning av Mønstring 21 |
| 24.04.21 | Opning av Eline Medbøe - The Act of Mending (STILLE OPNING) |
| 05.05.21 | Husflidsdagen 21: Drøs og båt hos SFKM |
| 04.06.21 | Opning av Karikatur og kommentar |
| 04.06.21 | Kulturnatt 21 |
| 01.07.21 | Opning av Ingunn Bakke - Konstellasjonar |
| 13.09.21 | Partilauk popkorn – valvake for sofavelgjarar |
| 09.10.21 | Opning av Birgit Eide – Fallande himmel |
| 14.10.21 | Familieverkstad i haustferien |
| 15.10.21 | Familieverkstad i haustferien |
| 16.10.21 | Familieverkstad i haustferien |
| 17.10.21 | Familieverkstad i haustferien |
| 09.12.21 | Opning av HEKT - tekstilkunst frå samlinga |
| 11.12.21 | Julemarknad Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane |

Eikaasgalleriet

| | |
|----------|---|
| 02.06.21 | Ludvig Eikaas og vandring i Astrup sine motiv |
| 09.06.21 | Skapte til å bere smykke - Jorunn Veiteberg |
| 09.09.21 | Konsert, Gloppen musikkfest |
| 20.11.21 | Familieverkstad |

Astruptunet

| | |
|----------|-----------------------------|
| 30.06.21 | Omvising i hagen (for alle) |
|----------|-----------------------------|

Sogn Kunstsenter

| | |
|----------|----------------------------------|
| 18.06.21 | Sesongopning av Sogn kunstsenter |
|----------|----------------------------------|

Utstillingar

De Heibergske Samlinger

| | |
|---------------------|--|
| 02.05.21 - 30.11.21 | Sogndal folkehøgskule gjennom 150 år |
| 02.05.21 - 30.11.21 | Fotoutstilling av elevar ved Sogndal folkehøgskule |

Sunnfjord Museum

| | |
|---------------------|---|
| 01.07.21 - 15.10.21 | “En stilling som fotograf” Samlinga etter sunnfjordfotografen Olai Fauske |
| 27.11.21 - 17.12.21 | Pepperkakebygda mi 21 |
| 27.11.21 - 17.12.21 | Julepynta stove (friluftsmuseet) |

Nordfjord Folkemuseum

| | |
|---------------------|---|
| 04.03.21 - 15.01.21 | Fritid |
| 29.09.21 - 03.10.21 | Ølbollar (minutstilling) |
| 25.11.21 - 03.01.22 | Frå liten og grå til stor og raud. Nissen i norsk tradisjon |
| 25.11.21 - 03.01.22 | Tre julepynta stover frå tre hundreår (friluftsmuseet). |

Kystmuseet i Sogn og Fjordane

| | |
|---------------------|---------------------------------|
| 30.05.21 - 10.10.21 | Kystlandskap med Bjørn Hegranes |
|---------------------|---------------------------------|

Vågsberget

| | |
|---------------------|---|
| 24.06.21 - 16.08.21 | Gripen av havfolket. Fotoutstilling med Robert Robinson |
|---------------------|---|

Norsk Reiselivsmuseum

| | |
|------------|---|
| 03.07.21 - | Kulturarv som suvenir. Smettvev og kvinnearbeid fram til 1930-åra |
|------------|---|

Norsk Kvernsteinsenter/Kvernsteinsparken

| | |
|------------|--|
| 26.06.21 - | Steinhoggarløypa (utandørs formidlingsløype) |
|------------|--|

Sogn og Fjordane Kunstmuseum

| | |
|---------------------|--|
| 13.02.21 - 11.04.21 | Heidi Bjørgan og Trine Hovden: Collision |
| 13.03.21 - 25.04.21 | Mønstring 21 |
| 24.04.21 - 20.06.21 | Eline Medbøe: The Act of Mending |
| 04.06.21 - 31.12.21 | Karikatur og kommentar |



01.07.21 - 12.09.21 Ingunn Bakke: Konstellasjonar
 09.10.21 - 09.01.22 Birgit Eide: Fallande Himmel
 09.12.21 - 31.12.23 HEKT: Tekstilkunst frå samlinga

Eikaasgalleriet

01.04.21 - 12.09.21 Jølsters Eventyrlege Gigant (fornya frå 2020)
 09.06.21 - 12.09.21 Miniutstilling med Anne Lise Øvrebø

Astruptunet

20.05.21 - 12.09.21 Plognatten

Sogn Kunstsenter

18.06.21 - 15.08.21 Anne Kari Amstein og Gabriella Göransson: Møt ein Korall og Tribus
 18.06.21 - 31.12.21 Kroppsfokus: Hans Gjesme med gjestar

Kunnskapsformidling i mediekkanalar

Fauske-utstillinga på Sunnfjord Museum v/ Amanda Roland og Nadia Romero Nardelli. NRK Vestland, radio
 Friluftsmuseet på De Heiberske Samlinger - Sogn Folkemuseum v/ Aud Ross Solberg. NRK Vestland, radio
 Julenissen v/ Anne Kristin Moe. NRK Vestland, radio
 Jubileumboka Nordfjord Folkemuseum i Hundre år v/ Anne Kristin Moe. NRK Vestland, radio
 Holvikejekta v/ Anne Kristin Moe. NRK Vestland, radio
 Utstillinga "Fritid" v/ Anne Kristin Moe. NRK Vestland, radio
 Er kultur relevant for berekraftmåla? Thomas Walle. NOKU-podden
 Folketru og skumle vesen i norsk tradisjon v/ Marie Nicolaisen. NRK Vestland, radio
 Hundedagane v/ Marie Nicolaisen. Firda.no
 Sildeflekking v/ Stina Celine Gjerdingen og Hilde Wiik. Firdaposten videoreportasje
 Dødsdagen til Nikolai Astrup v/ Solveig B. Lofnes. NRK Vestland, radio. 21.01.2021
 Restaurering av Astruptunet v/ Solveig B. Lofnes. NRK Vestland, Vestlandsrevyen. 31.05.2021
 Hans Gjesme i Sogn kunstsenter v/ Ingrid Norum. Sogn Avis, 22.06.2021
 Astruputstilling til USA v/Tor Martin Leknes. NRK Vestland, radio. 27.09.2021
 Planane for Astruptunet v/ Solveig B. Lofnes. NRK Vestland, radio. 27.09.2021

Lesarbrev

Astrup til USA v/ Tor Martin Leknes. Firda, 18.06.2021
 Sogn og Fjordane Kunstmuseum – 10 år etter v/ Tor Martin Leknes. Firda. 13.12.2021





Publikasjoner

- Anna Jorun Avdem (red.), Årbok for Sogn,
Eva Marie Felde, «Knut Sande - den første fast tilsette», i Nordfjord Folkemuseum i 100 år,
Trondheim: Museumsforlaget
- Eva Marie Felde, «System i planane. Aslaug Nesje Bjørlo», i Nordfjord Folkemuseum i 100 år,
Trondheim: Museumsforlaget
- Eva Marie Felde, «Frukttaradisjonar til nye høgder», Jul i Nordfjord
- Ole Fredskild, «Kvammeloftet. Analyse av opphav og historie gjennom handverkskompetanse
og restaureringsarbeid», i Årbok for Sogn 2021
- Annette Langedal Holme, «Kvinnelege pionerarar i læraryrket i Gloppen», i Jul i Nordfjord 2021
- Anne Kristin Moe (red.), Nordfjord Folkemuseum i 100 år, Trondheim: Museumsforlaget
- Anne Kristin Moe (red.) Jul i Nordfjord, Musea i Sogn og Fjordane
- Anne Kristin Moe (red.) «Nissen: Frå liten og grå til stor og raud», i Jul i Nordfjord
- Anne Kristin Moe, «Holvikejekta», i Dampskipsposten, Norsk veteranskibsklub
- Anne Kristin Moe, «Kvinner i bunadshistoria», i Norsk Husflid, Norges husflidslag
- Anne Kristin Moe, «Eit museum for Nordfjord», i Nordfjord Folkemuseum i 100 år, Trondheim: Museumsforlaget
- Marie Nicolaisen, «Epedemiar i historia og korleis dei endra verda», i Jul i Nordfjord 2021
- Marie Pettersson, «Kulturlandskap på museum. Samanheng mellom natur, bygningar, reiskapar
og arbeidsmåtar», i Årbok for Sogn 2021
- Fridtjov Urdal, «Nasjonalromantikk i Nordfjord», i Jul i Nordfjord 2021
- Thomas Michael Walle, «Brita Brenna og Marit Anne Hauan (red.): Kjønn på museum», bokanmeldelse i
Tidsskrift for kulturforskning 1/2021
- Thomas Michael Walle, «Thomas Hylland Eriksen: Appenes planet. Hvordan smarttelefonen forandret verden»,
bokanmeldelse i Norsk Antropologisk Tidsskrift 3-4/2021

Foredrag

- Per Christian Burhol, «Presentasjon av skuleprosjektet til kongeparet», Kongebesøket 16. juni,
NKS Kvernsteinsparken, 16.6.2021
- Bendik Brenn Egge, «Two objects from the Discovering Dreesen exhibition», UiO Collecting Norden,
UiO:Norden, Oslo (digitalt) 17.12.21
- Bendik Brenn Egge, «Discovering Dreesen / A Museum for Tourism?», Utstillingsåpning Discovering Dreesen,
Museumsberg Flensburg, Flensburg / 31.10.21
- Kjell Krogstad, «Gamle gjerdetypar i Sogn», Kurs i gamle gjerdetradisjonar, Nærøyfjorden verdsarvpark og
Fortidsminneforeninga, Borlo Bygdetun, Lærdal 17.9.21
- Kjell Krogstad, «Tresking og Kornbehandling», Økouka SJH, Sogn Jord og Hagebruksskule, Aurland, 27.9.21
- Tor Martin Leknes, «Kunst i offentlege rom», Seminar, Sunnfjord kommune, Førde, 21.10.2021
- Tor Martin Leknes, «Paneldebatt: kunst i offentlege rom», Debatt, Førdehuset, Sunnfjord kommune,
Førde, 21.10.2021
- Anne Kristin Moe, «Folkekunst i Nordfjord», Gloppen kunstlag, Sandane, 06.05.21
- Anne Kristin Moem, «Jektefart i Nordfjord», Fagseminar og nettverkssamling, Nasjonalt nettverk for kystkultur
og fiskerihistorie, Bodø, 18.9.21
- Anne Kristin Moe, «Bunadshistorias andrekvinner», Fagdagar for bunad og folkedrakt, Noregs Ungdomslag,
Norges Husflidlag og Norsk institutt for bunad og folkedrakt, Fagernes, 25.10.2021
- Anne Kristin Moe, «Immateriell kulturarv på museum», Webinar, Norsk Kulturråd og Norges museumsforbund,
2.11.2021
- Anne Kristin Moe, Bruk av tradisjonsarkiv i musea, Konferansen SAMLA
Universitetet i Bergen
Bergen, 08.11.2021
- Anne Kristin Moe, «Bunaden - den visuelle identiteten», Fagseminar og nettverkssamling, Nasjonalt nettverk
for drakt og tekstil, Tønsberg, 4.11.21
- Marie Pettersson, «Samspel mellom natur- og kulturhistorie», Natur i museum - forskning, formidling og
samlinger, Norges museumsforbund, seksjon natur, Oslo, 24.-25. november
- Marie Nicolaisen, «Sjukdom før koronaviruset», Lev Vel, Kinn kommune/Kystmuseet i Sogn og Fjordane,
Florø, 4. 11.21
- Aud Ross Solberg, «Sveitserstilen i Sogn», Sveitserstilen -kulturarv i fare?, Fortidsminneforeninga i
Sogn og Fjordane, Balestrand 9.10.21
- Thomas Michael Walle, «Det privilegerte ubehaget», Førdekonferansen, Førdefestivalen, Førde, 8.7.2021
- Thomas Michael Walle, «Uenighet og motstand som forutsetning for endringsarbeid i museene og kulturlivet»,
Sluttseminar, Uenighetsfellesskapet, Oslo Museum; Mangfoldsnettverket, Oslo, 10.12.2021
- Thomas Michael Walle, «Det privilegerte ubehaget, Folkelarm, FolkOrg, Oslo, 25.11.2021
- Thomas Michael Walle, «Paneldebatt: Hva er kunnskap i museet i dag? Og hva vil museet med forskning?»,
Spreng grensene! Formidling blir forskning, Nasjonalmuseet/Seksjon formidling,
Norges Museumsforbund, Vega scene, Oslo, 26.11.2021
- Thomas Michael Walle, «Firlansfrokost: Greit eller ugreit. Om trakassering og varsling», Folkelarm, CREO,
Samspill, Nordic Black Theatre og MØST, Riksscenen, Oslo, 26.11.2021
- Thomas Michael Walle, «Debatt: Redaktøren som portvakt og døråpner», Tidsskriftdagen 2021, Norsk
Tidsskriftforening, Litteraturhuset, Oslo, 21.10.2021
- Thomas Michael Walle, «Frå fabrikk til magasin», Magasinbygg og bruk av standarder, Seksjon for
samlingsforvaltning, Norges Museumsforbund, Stavanger, 27.10.2021
- Thomas Michael Walle, «Tankar om utvikling av regional forskingsstøtte», Webinar, «Cristin i museene - status
og veien vidare», Kulturrådet, 16.11.2021
- Thomas Michael Walle, «Hvordan kan museene jobbe med inkludering?», Strategiseminar, Museet Midt,
Røyrvik, 27.5.2021
- Thomas Michael Walle, «Panelsamtale: Bærekraft i kulturen», Kulturtankens fagdag (digitalt), Kulturtanken,
15.6.2021

Årsmelding for 2021

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane – Org.nr. 994 179 136

Art og lokalisering

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane er eit konsolidert museum oppretta i 2009, som verkar i regionen Sogn og Fjordane i Vestland fylke. Dei ulike museum og besøksstadane omfattar Nordfjord Folkemuseum (Sandane), Kystmuseet i Sogn og Fjordane (Florø), Sunnfjord Museum (Førde), De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum (Kaupanger), Sogn og Fjordane Kunstmuseum (Førde), Norsk Kvernsteinssenter (Hyllestad), Norsk Reiselivsmuseum (Balestrand), Vågsberget (Vågsøy), Sogn Fjordmuseum (Kaupanger), Astruptunet (Jølster), Eikaasgalleriet (Jølster) og Sogn Kunstsenter (Lærdal).

Føremålet til Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane er å drive museum. Stiftinga skal drive innsamling, bevaring, dokumentasjon, forskning og formidling. Stiftinga skal vidareføre og utvikle drifta i verksemda og handle i samsvar med ICOM sitt museumsetiske regelverk. Stiftinga kan også drive verksemd med naturleg tilknytning til hovudverksemda som er med på å realisere stiftinga sitt ideelle og kulturelle føremål. Stiftinga si målform er nynorsk.

Oppsummering, status og utvikling i Musea i Sogn og Fjordane

Covid 19-pandemien pregar framleis verksemda negativt med omsyn til publikumsretta aktivitetar, eigeninntekt og besøkstal i 2021. Per februar 2022 er samfunnet i ferd med å kome ut av pandemien, som er positivt for den utoverretta verksemda. Vi har ikkje permittert tilsette gjennom året.

Museumsmeldinga som kom våren 2021 fører til at vi i mål- og tiltaksformuleringane til departementet skal forankre desse i følgjande hovudtema: 1) Solid kunnskapsproduksjon, 2) Relevant formidling 3) Heilskapeleg samlingsutvikling, 4) Trygg ivaretaking, 5) Aktiv samhandling.

Meldinga er tydeleg på at musea må skaffe seg avtaler med ev eigarstyre som sikrar samlingsforvaltninga, og legg stor vekt på utvikling av digital formidling. Meldinga peikar særleg på satsing på kystkultur og bygningsvern. Meldinga peikar vidare på at det kanskje må konsoliderast fleire fagleg nærstående museum i same geografiske område. Det siste får liten verknad for MiSF.

Stiftinga Kystmuseet i Sogn og Fjordane og Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane er slått saman med verknad frå 1.1.2021, og eigarskapen til samlingane og bygg er overdratt til Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane.

Delar av driftsbygningane våre er i god stand, men nokre stader, særleg på Kystmuseet, er der store utfordringar. I samband med eit varsel om behov for tiltak på verkstaden ved museet, er det sett i gang eit større prosjekt med tanke på formulering av driftskonsept og deretter formulert behov for tiltak i driftsbygningane. Det er venta at dette kjem til å føre til ein del investeringar, og vi tek sikte på å søkje departement og fylkeskommune om støtte til opprusting før desember 2022, med ev. løyving desember 2023.

Rehabilitering av administrasjonsbygget ved Sunnfjord Museum vart ferdig som planlagt våren 2021. Resultatet av dette tiltaket er betre inneliv og arbeidsforhold, og dermed eit godt fysisk arbeidsmiljø.

Mot slutten av 2021 var det anbudsopning på prosjekt Fellesmagasinet i den nedlagde fabrikk i Angedalen. Innkome tilbod gav ein prosjektkalkyle på 97 millionar kroner, mot dei 65 millionar som er finansiert. Første del av 2022 vil gå med til reduksjonar i prosjektet og godkjenning av oppdeling av prosjektet i to delar. Vidare føreset vi låneopptak i eit fornøya prosjekt, noko som krev godkjenning både

frå fylkeskommune og departement. Vi ventar byggestart i slutten av første halvår 2022.

Etter mange år vart vernebygget for Holvikejekta fullfinansiert i 2021, totalt 33,2 millionar. Byggestart er planlagt seinhausten 2022. Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane er ikkje rusta til å ta på seg så store byggeprosjekt, og vil i 2022 knytte til seg kompetanse, enten i form av mellombels tilsetjing eller innleige.

Arbeidet med organisering frå geografisk til faginndelt organisasjon vert vidareført i 2021. Det har vert arbeidet med jobbskildringar, nye arbeidsavtaler og avklaringar av rolle- og ansvarsfordeling knytt til arbeidsoppgåver. Organisasjonsendringa skal vere endeleg gjennomført innan utgangen av 2022.

Jan Heggheim tok til som administrerande direktør i september 2021 etter at Kjartan Aa Berge avslutta sitt tilsetningsforhold i august.

Drift av IKT i Stiftinga i Musea i Sogn og Fjordane vert overteke av MuseumsIT AS våren 2021 som ei følge av kjøp av aksjar i MuseumsIT AS i 2020.

Ny visuell profil er utarbeidd i 2021 ved hjelp av designbyrået Miksmaster, og val av løysing og leverandør av ny nettside er gjennomført før årsskifte. Implementering av profil og arbeid med nettside vil finne stad vår 2022.

Staten er den største tilskotsytaren, og føreset at regionen dekkjer 40 % av det samla offentlege driftstilskotet. Kommunane har med basis i ein avtale frå 2017 betalt ein del av det regionale tilskotet. Nokre kommunar stiller spørsmål ved denne praksisen etter kvart som åra går, og det er på tide å fornye desse avtalene.

Offentleg tilskot til ordinær drift av Musea i Sogn og Fjordane i 2021, fordelte seg slik:

- Statstilskot kr. 39 579 000* (63 %)
- Fylkestilskot kr. 15 771 750 (25 %)
- Kommunetilskot kr. 7 358 110 (12 %)

Sum kr. 62 708 860

(* Inkluderer eit ekstraordinært tilskot på NOK 920 000 for 1. halvår 2021, og ekstraløyving i revidert nasjonalbudsjett på NOK 339 000 i samband med Covid19-pandemien.

På tampen av 2020 mottok stiftinga Musea i Sogn og Fjordane tilskot frå Kulturdepartementet på 2 millionar øyremarka til innkjøp av samtidskunst som i hovudsak bur og verkar i Noreg. I 2021 fekk vi ytterlegare 3 millionar til same formål og i 2021 er det innkjøpt slik kunst for totalt 5 millionar.

Utover desse summene har MiSF i 2021 motteke kr 668 000 til Stiftinga Måløyraidsenteret, kr 512 000 til Gulatinget og kr 1 000 000 til Jacob Sande selskapet. Desse summene vert utbetalt til dei nemnde organisasjonar i forståing med Kulturdepartementet.

Styret hadde seks møte og behandla 42 saker i 2021.

Framleis drift

Sjølv om styret har vedteke eit budsjett med underskot for året 2022 vurderer styret MiSF sin økonomiske situasjon som solid og likviditeten som god.

Styret og administrerande direktør meiner føresetnaden for framhald av drifta er til stades, og legg dette til grunn ved framlegging av årsrekneskapen. Den finansielle risikoen i stiftinga er låg.

Arbeidsmiljø

Hausten 2021 var det, i samarbeid med AMU, utført ei medarbeiderundersøking blant dei tilsette. Føremålet med undersøkinga var å kartlegge styrker og forbetningsområder innanfor kategoriane trivsel, arbeidsmiljø, utvikling, leiing og HMT. Resultatet av undersøkinga viser at 74% av dei tilsette opplever arbeidsmiljøet på sin daglege arbeidsstad som godt/svært godt. Styret meiner dette er tilfredsstillande gitt nyleg omstilling.

MiSF har elektronisk registrering av arbeidstid, ferie og frávær etter nyleg implementerte system i 2020/2021. For å sikre tettare oppfølging av tilsette har MiSF i 2021 laga ein plan for medarbeideroppfølging, som blant anna inneber to årlege medarbeidersamtalar for alle tilsette, samt avdelings- og personalsamlingar. For å sikre betring av arbeidsmiljø i ny organisering har MiSF oppretta ein sosial komité som skal arbeide for ei

godt arbeidsmiljø på det enkelte museum ved å ta initiativ til aktivitetar og tiltak for dei tilsette. Samla sett bidreg dette til betring av arbeidsmiljøet.

Arbeidsmiljøutvalet har gjennom 2021 fått nye deltakarar som stemmer med ny organisering. I 2021 har arbeidsmiljøutvalet hatt 4 møte. Det blir i 2022 innført systematiske informasjons- og drøftingsmøte med dei tillitsvalde.

Sjukefråveret var pr. 31. desember 2021 på 3,51%. Målet i strategiplanen er på 3%. Styret vurderer likevel sjukefråveret som tilfredsstillande, men vil arbeide vidare mot målet. I 2021 har det vore registrert ein personskade på tilsette i MiSF etter ei fallulukke ved montering av ny utstilling på Sogn Kunstsenter i juni 2021. Ulukka blei granska og førebyggjande tiltak blei gjort for å hindre liknande avvik. Det har vore registrert ein personskade på besøkande ved Kystmuseet etter at ein lettvegg på ei utstilling fall over ein elev. Avviket blei meldt, og sikringstiltak blei utført på staden.

Hausten 2021 vart det starta eit arbeid for å kartlegge behov for utbetring av ulike arbeidstilhøve ved Kystmuseet. Det er forventa at resultatet av kartlegging vil bidra til ein plan for å utbetre tilhøva for dei tilsette på kystmuseet ila dei komande åra, dette vil bidra til eit betre fysisk arbeidsmiljø for dei tilsette.

Aktivitets og utgreiingsplikt

Utgreiingsplikt

Stiftinga hadde i 2021 til saman 65,04 årsverk. Dette er inklusive vikarar, mellombelse engasjement/prosjektstillingar og sommarvertar/ timetilsette. Av desse var 49,93 årsverk fast tilsette, fordelt på 33 kvinner og 31 menn. Styret meiner at stiftinga har eit tilfredsstillande fokus på likestilling.

Type rolle/stilling

Administrerande direktør
Leiargruppa
Museumsleiarar
Styret
Faste stillingar/vikariat
Mellombelse stillingar/sesongtilsette/vikariat
Andel foreldrepermisjonar i 2021 blant mor

Aktivitetsplikt

Personalavdelinga har hatt ansvar for og arbeid med oversikt og rutinar på arbeidet med likestilling i MiSF. Personalpolitiske dokument, rutinar og føringar innanfor arbeidet er eit samarbeid mellom arbeidsgjevar, personale og tillitsapparatet i organisasjonen. Gjeldande personalhandbok er også handsama i styret. Sjølv om det er gjort arbeid på dette, vil vi i 2022 ha fokus på å gjere ei meir omstendeleg kartlegging av risiko og behov for likestillings- og diskrimineringsarbeid i MiSF, samt tydeleggjere mål for organisasjonen innanfor likestilling og diskriminering. Denne kartlegginga vil bli gjort av personal, tillitsvalde og leiing. Når dette arbeidet er utført vil det bli enklare å sikre måloppnåing og god evaluering.

MiSF skal vere ein møtestad og ein arbeidsstad for alle typar menneske, noko som også er spegla i ein av verdiane våre som er å vere inkluderande. Denne verdien inneber at vi skal vere eit museum for alle, uavhengig av bakgrunn, kjønn, erfaring og livssyn.

MiSF har i 2021 utarbeidd ein rekrutteringsprosedyre som skal sikre etiske gode vurderingar av søkjarar uavhengig av kjønn, nedsett funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, religion og livssyn, etnisitet, omsorgsoppgåver, graviditet, permisjon og adopsjon (ref. diskrimineringsgrunnlag i likestillings og diskrimineringslova). MiSF oppmodar i sine stillingsutlysingar kvalifiserte kandidatar om å søkje uavhengig av grunnlaga nemnde over. Grunnlag for utarbeiding av ny rekrutteringsprosedyre var både det som er nemnt over, men også for å sikre at tilsetjingsutvalet tilset personar på eit breitt vurderingsgrunnlag, for å hindre at vurderingar blir

Antal

1 årsverk
6 årsverk
6 årsverk
7 personar
49,93 årsverk
15,01 årsverk
1 årsverk kvinne

Kvinner/Menn

Mann
3 kvinner, 3 menn
5 kvinner, 1 mann
4 kvinner, 3 menn

gjort på bakgrunn av subjektive preferansar eller haldningar til enkeltpersonar i tilsetjingsutvalet. Styret er ikkje kjend med at det har vore saker i 2021 som gjeld diskriminering.

For å sikre oversikt og hindre eventuelle skeivheiter på lønsnivå blei det gjennomført ei kartlegging av lønstillhøve for dei tilsette i organisasjonen. Dette vart gjort i samband med lønsoppgjering i 2021, samt innplassering av tilsette i ny organisasjonsstruktur. I årets lønsoppgjering blei "utjamning av skeivheiter" ein av dei valde føringane for å gje rom for å jamne ut historiske skeivheiter på løn i ny organisering, både ulikskap mellom kjønn, stillingar, arbeidsplassar og erfaring/ansiennitet. Dette arbeidet vil halde fram i 2022 der ein skal utarbeide ny lønspolitikk og prosess for gjennomføring av lønsforhandlingar. Her vil likestilling og diskriminering vere viktige nøkkelord for å sikre god lønspolitikk og kompetansestrategi.

I 2021 har det også blitt innført fleire felles rutinar og praksisar for tilsette innan personalpolitikk for å sikre at ein får lik oppfølging uavhengig på kva museum ein har sin daglege arbeidsstad. Dette arbeidet vil halde fram i 2022 då ny personalhandbok vil bli ferdig. Her er det også eit arbeid knytt til livsfasepolitikk.

Ytre miljø

Det er ikkje tilhøve ved verksemda som kan medføre negativ påverknad på det ytre miljø.

Forsikring styret/dagleg leiar

Det er ikkje teikna forsikring for styrets medlemmar eller administreranda direktør med tanke på deira moglege ansvar overfor stiftinga.

Årsresultat og disponering

Styret meiner at resultatrekneskapen og balansen med notar gjev eit rettvise bilete av drifta i løpet av året og av stillinga ved årsslutt. Stiftinga hadde i 2021 eit bokført resultat på minus kr. 1 214 456. Styret sitt framlegg til disponering er at underskotet vert dekt av annan eigenkapital.

Eigenkapital og gjeld

Ved utgangen av 31. desember 2021 var total eigenkapital på kr 29 702 277. Pensjonsforpliktinga er alanseført til kr. 18 099 435.

STIFTINGA MUSEA I SOGN OG FJORDANE Sandane 18.02.2022

Ivar Kvalen
Styreleiar

Hanne Bergliot Oftedal
Nestleiar

Arild Bergstrøm
Styremedlem

Kristin Maurstad
Styremedlem

Gunnhild Berge Stang
Styremedlem

Jan-Arve Lund
Styremedlem

Hilde Wiik
Styremedlem

Jan Heggheim
Adm.direktør

elektronisk signert

7. Årsrekneskap

Resultatrekneskap

| | Note | 2021 | 2020 |
|---|-------|---------------------|---------------------|
| Salsinntekt | 1 | 3 361 659 | 3 281 383 |
| Driftstilskot | 1 | 62 708 860 | 62 212 692 |
| Inntekter prosjekter | 1,12 | 5 887 928 | 2 042 061 |
| Anna driftsinntekt | 1 | 730 139 | 1 164 613 |
| Sum driftsinntekter | | 72 688 586 | 68 700 749 |
| Varekostnad | | (1 079 821) | (897 448) |
| Utstillingskostnader m.m. | | (834 982) | (691 126) |
| Lønskostnad | 2,10 | (40 549 488) | (35 133 118) |
| Avskrivning av varige driftsmidler og immaterielle eige ... | 5 | (713 831) | (483 538) |
| Andre driftskostnader | 2,3,4 | (30 850 729) | (28 617 641) |
| Sum driftskostnader | | (74 028 851) | (65 822 872) |
| Driftsresultat | | (1 340 265) | 2 877 877 |
| Annan renteinntekt | | 130 195 | 316 924 |
| Annan finansinntekt | | 65 | 213 |
| Sum finansinntekter | | 130 260 | 317 137 |
| Annan rentekostnad | | (301) | (2 786) |
| Annan finanskostnad | | (4 149) | (11 343) |
| Sum finanskostnader | | (4 450) | (14 129) |
| Netto finans | | 125 809 | 303 008 |
| Årsresultat | | (1 214 456) | 3 180 885 |
| Overføringer | | | |
| Overføringer til/frå annan egenkapital | | (1 214 456) | 3 180 885 |
| Sum overføringer og disponeringar | | (1 214 456) | 3 180 885 |

Balanse pr. 31. desember

| | Note | 2021 | 2020 |
|---|------|-------------------|-------------------|
| EIGENDELAR | | | |
| Anleggsmidler | | | |
| Varige driftsmidler | | | |
| Tomter, bygningar og annan fast eigedom | 5 | 23 432 850 | 11 343 298 |
| Utstillingar og museumsgjenstandar NRM | 5 | 91 220 | 122 020 |
| Inventar, verktøy, kontormaskiner og liknande | 5 | 1 243 458 | 979 416 |
| Sum varige driftsmidler | | 24 767 528 | 12 444 734 |
| Finansielle anleggsmidler | | | |
| Investeringar i aksjar og andelar | | 255 730 | 237 530 |
| Andre fordringar | 6,10 | 2 110 450 | 2 149 164 |
| Sum finansielle anleggsmidler | | 2 366 180 | 2 386 694 |
| Sum anleggsmidler | | 27 133 708 | 14 831 428 |
| Omløpsmidlar | | | |
| Varer | | 725 053 | 728 505 |
| Sum varer | | 725 053 | 728 505 |
| Fordringar | | | |
| Kundefordringar | 7 | 697 184 | 110 385 |
| Andre fordringar | 7 | 4 148 064 | 4 480 359 |
| Sum fordringar | | 4 845 248 | 4 590 744 |
| Bankinnskot, kontantar og liknande | 8 | 46 509 122 | 33 884 682 |
